

Startar løpskarusell 30 meter under bakken

Det er framleis få bilistar som parkererer i den gigantiske Kystbygarasjen under Straume. No blir løparane inviterte ned under jorda, for å springa rundt og rundt på parkeringsdekka.

STRAUME: – Her nede er det alltid draumeforhold. Til og med om vinteren. Slaps, glatte, mørke og vind slepp ein tenke på når ein springer her i Kystbygarasjen, seier Bjarte Hetlevik, koordineringsansvarleg i den nye Kystbykarusellen.

Han legg til at ein kunne sprunge slik heile året. Men i første omgang er det sett opp ni løp i karusellen frå oktober til mars neste år. Kvar tredje tysdag kan folk bryne seg på betongen i djupet av Straume. Annankvar gong vert det løp på fem kilometer og ti kilometer.

Det første løpet i slutten av oktober er fem kilometer langt.

Godt tatt imot

Sidan februar i år har Pådriverne AS og Ågotnes Løps- og Triathlonklubb jobba med å få til løpskarusellen på Straume. Ideen var så god at Sotra Kystby og trenings-senterkjeda Sprek og Blid kasta seg på.

– Dei tente veldig på ideen og har vore kjempepositive, rosar Hetlevik.

Han forklarar at kjøpesenteret hadde tenkt i same banar, men slike arrangement krev ein del tid og ressursar som dei ikkje har. Gjengen i Pådriverne AS står bak Coastman i Øygarden, og med blod på tann ville dei finne på noko nytt.

– Vi har brukt eit halvt år på å få lage karusellen, seier Hetlevik om arbeidet til no.

Bane på fire plan

Ein skulle jo tru at ein parkerings-



Bjarte Hetlevik frå Pådriverne AS ser fram til å springe inne i vinter. Djupt nede i Kystbygarasjen er det verken is eller slaps om vinteren. – Ein perfekt stad for løpskarusell, meiner Hetlevik. Foto: Elise Årdal

plass tilseier mange bilar. Men slik er det altså ikkje i dette garasjeanlegget. Tysdagen konkurransen er i gang, vil fire av dei åtte parkeringsdekka bli stengd for bilar.

Det vil seie at deltakarane av Kystbykarusellen får springe 25-35 meter under bakken - heilt uforstyrta.

Parkeringsdekka B, C, D og E blir sett av til dei med joggesko på karuselldagane. Ein runde er på ein kilometer, så ein må opp i ti rundar for å springe ei mil.

– Men er det så bra å jogge eller springe på betong og asfalt?

– Betongunderlaget her er jamnt og fint. Svingen i enden på kvar runde bryt opp muskulaturen litt før du gyv laus på ny runde. Så det skal ikkje vere fare

for beina nei, meiner Hetlevik.

For alle med lommebok

Hetlevik kan ikkje skjønne anna enn at dette er praktisk på alle måtar.

– Ein køyrer til løpskarusellen, og ein køyrer derifrå. Ein kan til og med gjere unna handling og slikt før starten. Ein slår ti fluger i ein smekk, meiner Hetlevik.

Men karusellen er ikkje gratis. Det kostar 150 kroner per løp i tillegg til parkeringsavgifta på 15 kroner for kvar brukte time i garasjeanlegget.

Hetlevik meiner dette ikkje er mykje å betale. Kvart løp startar med oppvarming i regi av Sprek og Blid, og alle deltakarar får bruke garderobar og toaletta til Sprek og Blid. Dei tre beste damene

og herrane i løpa får premiar, i tillegg til at alle deltakarane er med i trekninga av ein premie uavhengig av prestasjon.

– Kven passar denne karusellen for?

– Dette arrangementet er laga for absolutt alle. Ein kan komme med mor si og ta det som ein spasertur, eller ein kan prøve å setje personleg rekord. Eg håpar dette blir ein innarbeid greie for folk på vinteren, seier Hetlevik.

Fleire idear

Med brannforskriftene i tankane er makstalet på deltakarar sett til 475 personar.

Under arrangementet vil det vere vakter i kvar sving og på alle plan. Ifølgje Hetlevik skal det heile vere trygt.

– Vi har gått over alle sidene av arrangementet, og vi har god kontroll og oversikt. Det er alltid spennande å sjå dei første gongane når ein ser korleis planane fungerer i praksis, seier Hetlevik.

– Har de planar og idear for andre liknande prosjekt når dette er godt etablert?

– Mange idear har vi. Det kan nok hende vi vil komme med meir. Dette er jo ein liten spin off frå Coastman som truleg vil glede folk både på Sotra, Øygarden og dei frå Bergen vest, seier Hetlevik.

ELISE ÅRDAL

elise.aardal@vestnytt.no

90982167

Revolusjonerende
NYHET
Garasjeport mod. EXT.
INTROPRIS -40%

Gratis befaring/tilbud:
www.kjellsmarkiser.no
815 00 570

kjells markiser
MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR
et Hunter Douglas selskap

Trenger du sjekk hos hjertespesialist?

Våre erfarne hjertespesialister tilbyr grundig hjerteundersøkelse inkludert belastningstest og ultralyd. Vi har topp moderne utstyr. Du trenger ingen henvisning og vi har kort ventetid.

Les mer på www.volvat.no. Timebestilling på tlf: 55 11 20 00.

Leger: Spesialist i hjertesykdommer Merethe Karin Visnes og Vegard Tuset.



Volvat Medisinske Senter
Avd. Medisinsk Senter / Legevakt, Laguneveien 9, 5239 Rådal
Avd. Sykehus, Ulriksdal 2, 5009 Bergen

Volvat
INNGÅR I CAPIO EUROPA